

Miljødirektoratet

v/direktør Ellen Hambro

Trondheim

Rauland, 22.07.2014

Manglande svar på brev - heller ikkje etter purring

På vegne av Hardangervidda Grunneigarsamskipnad (HG) har eg ved fleire høve skrive til MiD/DN om ymse spørsmål, med ein innebygd kritikk av haldningar og avgjerder. Tallause gonger har eg purra telefonisk, svar har blitt lova, men ingen ting skjer. Dette gjeld fylgjande brev:

Brev 21. mars 2013 - avvikande praksis hjå TU Telemark.

Brev 25.06.2013 - etterlysing av svar på ovannemnde.

Brev 9.10.2013 - Hardangervidda Nasjonalpark - sakshandsamingsorgan ved riving og nybygging på anna tomt.

Brev 19.10.2013 - om brev til FMTe 23.08.2013 - landbruksomgrepet - ref-2013/2374.

Endeleg eit brev som ligg fleire år attende i tid, om kva Villreinnemndene skal ha i oppgåve å uttala seg om. Her har eg diverre ikkje datoen, men same problemstilling er teken opp i brev frå Plan- og Mlljøutvalet i Vinje kommune **05.05.2014** - heller ikkje svara på.

Så vil eg nemne eit brev til, 19.12.2011, om valprosedyre for villreinnemndene, det blei svara på 16.01.2013, altså etter godt og vel eit år. Om eit slikt tidsperspektiv er standard for MiD, er det framleis litt tid att for dei fleste breva eg nemner. Men, eg trur dei fleste vil meine at slik tidsbruk ikkje er i samsvar med Forvaltingslova §11a (svar skal koma "uten ugrunnet opphold").

Tanken om at breva ikkje har blitt svara på av di spørsmåla dei reiser er vanskelege, ligg snublande nær. Kor menneskeleg ei slik grunngjeving måtte vera, sakleg er ho ikkje.

Eg bed Direktøren i MiD syte for at breva blir svara på utan meir opphald - eller i alle høve straks folk er attende frå ferie.

mbh

Johan Vaa (sign.)

leiar HG